



Tor Halvor Halvorsen  
Keilevegen 137  
5953 FONNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5903 - 16/1801

Saksbehandlar:  
Margit Rimeslåttan  
Margit.Rimeslatten@lindas.kommune.no

Dato:  
28.01.2016

## Tilbakemelding - flytebryggje - gbnr 125/10 Kjeilen

### Bakgrunn for saka

Det er tidlegare søkt om legalisering av allereie utlagt flytebryggje på ca 30 meter inkludert landsgang. Plan- og miljøutvalet av slo søknaden 02.09.2015.

Etter avslaget vart det sendt inn dokumentasjon på at flytebryggja var redusert med omsyn til storleik og plassering i samsvar med slik den var «lovlig plassert tidlig på 1980-talet».

Lindås kommune informerte om i skriv 06.01.2016 at det ikkje ligg føre skriftleg godkjenning av tiltaket, og det vart bedt om ei tilbakemelding på henvisninga frå dykk om at flytebryggja no var «lovleg plassert».

I telefonsamtale med Ruth Halvorsen 21.01.2016 vart det opplyst at det ikkje ligg føre skriftleg dokumentasjon på at tiltaket er godkjent. Vedkommande opplyste derimot til at det vart gitt munnleg godkjenning for tiltaket av kommunen, og at dette var vanleg praksis for slike tiltak på den tida flytebryggja vart lagt ut på 1980-talet.

### Tilbakemelding

Det er ikkje tvilsamt at tiltaket er søknadspliktig, og ei skriftleg godkjenning av tiltaket ligg ikkje føre. Vidare er det ikkje mogleg å dokumentere at kommunen har gitt ei form for munnleg løyve til tiltaket når det vart plassert på 1880-talet.

Vi meiner at det ikkje har eksistert ein slik praksis hjå kommunen og kan ikkje leggje vekt på dette ved vidare handsaminga av saka.

Som opplyst på telefon, er det mogleg å søkje om tiltaket på nytt sidan det er redusert i storleik. Søknaden vil då handsamast som eit nytt tiltak, og det vil medføre ordinært byggesaksgebyr.

Dersom du ikkje søkjer om tiltaket må flytebryggja fjernast. Saka vert elles følgt opp som eit ulovleg tiltak. Vi ber om at det vert gitt ei tilbakemelding på om du ønskjer å søkje på nytt innan 18.02.2016.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggjesak

Margit Rimeslått  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*